



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Høyanger kommune – utmelding av register for godkjenning og kontroll (Robek)

Høyanger kommune er registrert i Robek med heimel i kommunelova § 28-1 første ledd. Grunnlaget for registreringa er bokstav d¹.

Høyanger kommunestyre vedtok i møtet 21. juni d.å. rekneskapen for 2023 med inndekning av tidlegare års meirforbruk på kr 31 961 663, og blir etter det meldt ut av Robek-registeret med heimel i kommunelova § 28-5 tredje ledd. Kommunen vart meldt inn i Robek i august 2023, etter at det balanseførte meirforbruket utgjorde seks prosent av driftsinntektene.

Kommunen (kommunekassa) har ved utgangen av 2023 eit disposisjonsfond på 40,4 mill. kroner, som utgjør 5,5 prosent av driftsinntektene. Langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) er på 701 mill. kroner, eller 95,6 prosent av driftsinntektene. I årsmeldinga skriv kommunedirektøren at *«Høyanger kommune hadde eit svært godt årsrekneskap for 2023. Det skuldast svært gode inntekter, mellom frå kraft og frå Havbruksfondet i 2023. Vi dekkjer inn det akkumulerte meirforbruket på 32 mill. kr som vi hadde med oss frå 2022. Og vi set av i overkant av 40 millionar kr på disposisjonsfondet. Driftsnivået i 2023 er for høgt i høve til rammeoverføringar og føreseielege inntekter. I 2023 har vi eit meirforbruk i drifta på omlag 9,3 millionar. I tillegg har vi 701 mill. kr i gjeld, noko som gjer at vi er svært eksponert og sårbar for renteauken.*

Å få ein berekraftig økonomi i Høyanger kommune, som kan legge til rette for ei berekraftig utvikling av kommunen vår, er og vil vere vår største utfordring. Vi skal strekke oss etter vår visjon om å «vere ein aktiv og framtidsretta samfunnsutviklar».

I vår godkjenning av kommunens budsjett for 2024 med økonomiplanen 2024 – 2027 skriv vi m.a. at *«driftsnivået for tenestene har over tid vore for høgt ut frå inntektene. Dette har, samanlikna med budsjett, ført til vesentlege høgare forbruk samla sett for tenesteområda både i 2022 og 2023. Frå*

¹ balanserekneskapen til kommunekassa viser eit oppsamla meirforbruk fra driftsregnskapen som er større enn tre prosent av driftsinntektene.



2025 er det i økonomiplanen budsjettert med 25 mill. kroner i årlege innsparingstiltak. Statsforvaltaren meiner at kommunen må konkretisere og gjennomføre tiltak for å redusere driftsnivået, slik som kommunedirektøren omtalar i budsjettdokumenta. Dette vil òg bidra til å byggje opp frie driftsfond, som ein bufferkapital for å handtere mellombelse svingingar i økonomien».

Av kommunane i vårt fylke er det Høyanger som er registrerte i Robek. Etter utmeldinga av Høyanger kommune, er det difor gledeleg, både for kommunane og Statsforvaltaren, at det igjen ikkje lenger er kommunar i Vestland som er registrerte i Robek.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Skjema for utmelding.

Kopi til:

Høyanger kommune

Postboks 159

6991

HØYANGER